



Ny kommune i indre Sunnfjord

Namnekomiteen

Dykkar referanse:

Sakshandsamar:
Øystein Høyvik
Tlf. 57612650

Vår referanse:
16/3693-67-ØH-
FE - 002

Dato:
19.02.2017

Ny kommune i indre Sunnfjord - referat frå møte i namnekomiteen 13.02.17

Stad : Førde rådhus, møterom Sunde
Tidspunkt : Måndag 13.02.17 kl 09.00 -10.30

Til stades:

Olve Grotle, Oddmund Klakegg, Mathias Råheim og Håkon Myrvang.

Utsendt dagsorden

1. Gjennomgang og godkjenning av referat frå møte 03.02.17
2. Gjennomgang av tilbakemelding frå dei andre Sunnfjord- kommunane
3. Gjennomgang av tilbakemelding frå Språkrådet
4. Avklare vidare prosess
 - a. Er det behov for å rådføre seg ytterlegare med Språkrådet eller andre kompetansmiljø?
 - b. Er det aktuelt med innbyggjarundersøking?
 - c. Er det aktuelt å rådføre seg med felles formannskapsmøte 14. og 15.02.17?
5. Møteplan
6. Eventuelt

Gjennomgang og godkjenning av referat frå møte 03.02.17

- Godkjent

Gjennomgang av tilbakemelding frå dei andre Sunnfjord- kommunane

- Kommunane Fjaler, Askvoll, Flora og Bremanger har gitt tilbakemelding om dei ikkje ynskjer at den nye kommunen vel «Sunnfjord» som kommunenamn (tilbakemeldingane ligg vedlagt).

Gjennomgang av tilbakemelding frå Språkrådet

Jf. vedlagt tilbakemelding så skriv Språkrådet at «eit hovudprinsipp i *lov om stadnamn* (stadnamnlova) er «å ta vare på stadnamn som språklege kulturminne» (§ 1). Vi meiner dette prinsippet bør følgjast i høg grad òg ved fastsetjing av namn på samanslåtte kommunar, sjølv om det er openbert at eitt eller fleire eksisterande kommunenamn må vika i ei samanslåing».

Vidare skriv Språkrådet at det finst fleire moglegheiter for tilnærming, og omtalar følgjande:

1. Eitt av dei eksisterande kan brukast vidare
2. To namn kan brukast vidare
3. Ein nylaga konstruksjon basert på ekisterande namn
4. Eit eksisterande namn som ikkje er kommunenamn, blir teke i bruk.

Når det gjeld vurdering av alternativa over så skriv Språkrådet:

Om ein skulle ha funne eit namn etter namnetype 1 ovanfor for den samanslåtte kommunen, kunne i utgangspunktet kvart av dei fire namna ha vore bruka vidare. Likevel peikar truleg Førde seg ut som den beste kandidaten av dei. Dette er den mest folkerike kommunen av dei fire, og namnet blir òg i dag bruka om eit større område i visse samanhengar. Trass i dette kan det vera politiske grunnar til å velja eit namn som i dag ikkje er i bruk om nokon av kommunane.

Som nemnt rår vi generelt ifrå å konstruera heilt nye namn (namnetype 3), og med fire kommunar er det òg heilt uaktuelt å ta med alle namna vidare i eit samansett namn (namnetype 2).

I utgangspunktet er vi positive til at namn som blir bruka om større område, blir tekne i bruk som nye kommunenamn (namnetype 4). Det samsvarar med prinsippet om å ta vare på stadnamn som språklege kulturminne. Det bør likevel vera ein føresetnad at den nye kommunen dekkjer vesentlege delar av det området namnet frå før blir bruka om, og at det nye kommunenamnet såleis ikkje fører til ei stor tydingsendring av namnet. I dette tilfellet er innvendinga mot Sunnfjord som namn på dei fire aktuelle kommunane at ein om lag like stor del av det eksisterande Sunnfjord ikkje er med i planane om samanslåing. Dimed vil Sunnfjord få ei uheldig dobbeltyding. Vi meiner det da vil vera ei god løysing å ha med tillegget Indre, altså Indre Sunnfjord. Her er namnet Sunnfjord med, samstundes som tillegget er dekkjande for den delen av Sunnfjord det er tale om. Skulle fleire sunnfjordskommunar seinare slå seg saman med dei fire som no er aktuelle, meiner vi Sunnfjord absolutt bør vurderast på nytt.

Til sist oppsummerer Språkrådet at

Vi vil ikkje tilrå å bruka Sunnfjord åleine som namn på ein ny kommune samanslått av Jølster, Førde, Gaular og Naustdal. Vi vil oppmoda dei aktuelle kommunane til å vurdere namnet Indre Sunnfjord, slik at namnet ikkje kjem i konflikt med Sunnfjord som namn på eit større landskap. Etter ei reint namnefagleg vurdering vil òg Førde vera eit godt alternativ.

Avklare vidare prosess

Med bakgrunn i tilbakemeldingar frå dei andre Sunnfjord-kommunane og Språkrådet vurderer namnekomiteen at det ikkje er aktuelt å gå vidare med «Sunnfjord» som namn på ny kommune.

Vidare er namnekomiteen samd med Språkrådet i at ein ny kommune ikkje kan ta opp i seg alle dagens kommunenamn. Namnekomiteen er også samd med Språkrådet i at det ikkje er tenleg med ein konstruksjon basert på eksisterande namn.

Slik namnekomiteen vurderer det står ein då igjen med to aktuelle alternativ – Indre Sunnfjord eller Førde. Dette er i tråd med Språkrådet si tilråding. Med utgangspunkt i at vi skal forme ein ny kommune, samt at Førde-namnet truleg vil vekke negative kjensler hjå nokre rår ein til at «Indre Sunnfjord» blir namnet på den nye kommunen.

Namnekomiteen vurderer at det ikkje er naudsynt å rådføre seg ytterlegare med Språkrådet eller andre kompetansmiljø.

Namnekomiteen vil rådføre seg med felles formannskapsmøte 14. og 15.02.17.

Når det gjeld spørsmålet om behovet for innbyggjarhøyring er namnekomiteen delt. Mindretalet vurderer at det vil vere tenleg med høyring, medan fleirtalet ikkje ser behov for det gitt drøfting over.

I etterkant av felles formannskapsmøte 14. og 15.02.17 blir det utarbeidd felles saksutgreiing for handsaming i kommunestyra, prosjektleiar ansvarleg.

Møteplan

- Eventuelt behov for fleire møte blir avklart etter felles formannskapsmøte 14. og 15.02.17.

Eventuelt

- Ingen saker.

Med helsing

Øystein Høyvik
leiar

Dette brevet er elektronisk godkjent av Førde kommune om det ikkje er signert.

Kopi til:

Prosjektgruppa

Vedlegg:

Flora kommune - Vedtak om Sunnfjord som kommunenamn

Svar frå Askvoll

Svar frå Bremanger kommune (L)(354583)

Uttale frå Fjaler kommune til namn på ny kommune i Sunnfjord (L)(355877)

Språkrådet - namn på ny kommune i Sunnfjord(1)